

# Samtykke til deltaking i Foreldreundersøkinga i barnehagen

Du har fått denne invitasjonen fordi du har barn i ein barnehage som skal gjennomføre foreldreundersøkinga. Når du deltek i foreldreundersøkinga i barnehagen, samtykkjer du til at vi behandlar kontaktopplysningane dine som namn, e-postadresse og/eller telefonnummer og svaret ditt i foreldreundersøkinga.

## Kva er formålet med Foreldreundersøkinga i barnehagen?

Foreldreundersøkinga gir deg som forelder høve til å seie meininga di om korleis du opplever barnehagetilbodet og trivselen til barna i barnehagen. Resultata frå undersøkinga blir lagra og brukte av barnehagen, eigaren av barnehagen og dei statlege utdanningsstyresmaktene for å analysere og utvikle kvaliteten i barnehagen.

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk frå undersøkinga på [www.udir.no](http://www.udir.no) og [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no).

Resultat frå undersøkinga kan òg bli brukte til forskning og statistikk og til lagring i arkiv. Desse behandlingane følgjer av lova.

## Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Det er frivillig å svare på undersøkinga. Du kan òg hoppe over spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

## Behandlingsansvar og personvern

Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for at foreldreundersøkinga i barnehagen skjer i tråd med personvernreglane. Vi bruker kontaktopplysningane dine for å sende deg lenkje og kode til å delta i foreldreundersøkinga, og eventuelt sende påminning på manglande deltaking. Viss du deltek, samlar vi òg inn svara dine. Databehandlarane våre må òg følgje det same regelverket.

Svara dine blir ikkje knytte til namnet eller personnummeret ditt.

Utdanningsdirektoratet har prosedyrar for å skjerme resultat på små utval og hindre at dei som svarer på undersøkinga, kan identifiserast. Vi kan likevel ikkje utelukke at dei som les resultata, kan gjere seg opp ei meining om kven som har svart kva.

I dei tilfella Utdanningsdirektoratet leverer ut svara til forskning, må forskarane følgje reglane i direktoratet for behandling av personopplysningar og teieplikt, og dei må underskrive ein teielovnad.

## Du kan trekkje tilbake samtykket ditt

Du kan trekkje samtykket ditt fram til gjennomføringsperioden er over. Når gjennomføringsperioden er over, blir koplinga mellom påloggingskoden din og svaret broten. Når koplinga er broten, kan vi ikkje lenger finne fram til svaret ditt. Vi kan derfor ikkje gi deg innsyn eller slette svaret ditt. Kontaktopplysningar blir sletta 30 dagar etter siste gjennomføringsdag.

## Har du spørsmål?

Du finn meir informasjon på [www.udir.no/undersokelser](http://www.udir.no/undersokelser).

Du kan òg kontakte barnehagen eller Utdanningsdirektoratet på e-post [post@udir.no](mailto:post@udir.no) eller telefon 23 30 12 00.

Har du spørsmål eller vil bruke rettane dine, som retten til innsyn eller sletting av opplysningar, kan du ta kontakt med personvernombudet i Utdanningsdirektoratet på e-post [personvernombud@udir.no](mailto:personvernombud@udir.no)

Viss du vil klage på korleis Utdanningsdirektoratet behandlar personopplysningar, kan du ta kontakt med Datatilsynet.

### **Samtykke**

Ved å trykkje "godta" startar du undersøkinga. Du samtykkjer då òg til å delta i undersøkinga.